INTERIMSSTYRET FOR SAMANSLÅING AV REVISJONSEININGANE, MØTEBOK

Interimsstyret for samanslåing av revisjonseiningane i Sogn og Fjordane

f:\\kryssrevisjon\Interimsstyret\motebok240918\tf18

Møtestad:	Møterom Thon Hotel	**Møtedato:**	**24.09.2018**	**Frå kl. :**	**13:00**
Thon Hotel, Skei, møterom 1. etg.		**Mandag 24. september 2018**		**Til kl. :**	**16:00**

Faste medlemmar i Interimsstyret :	**Møtte:**	**Forfall:**	**Merknader :**
1. Trygve Jacobsen, Styreleiar KRYSS Revisjon	X		
2. Jorunn Ringstad, Nestleiar KRYSS Revisjon	<+>	<+>	*(død), vararepr. innkalla*
3. Rune Myklebust, Styreleiar Kommunerevisjonen i Nordfjord	X		
4. Ole Reinhardt Bugjerde, Nestleiar Kommunerev. i Nordfjord	X		
5. Arne Hovland, Styreleiar Sogn og Fjordan revisjon IKS	X		
6. Per Atle Kjøllesdal, Nestleiar Sogn og Fjordane revisjon IKS	X		
Varamedlemmar			
Ingvar Torsvik Myrvollen, varamedlem KRYSS Revisjon	X		
Kristian Skibenes, varamedlem Kommunerevisjonen i Nordfjord			
Morten Midlang, varamedlem Sogn og Fjordane revisjon IKS			

Andre som møtte: Sjå nedanfor under merknader….

Godkjenning av møteinnkallinga:

Innkallinga og sakstilfanget m/vedlegg var utsendt den 20.09.18, med møtedato mandag 24. september 2018. Møtet var lagt til Thon Hotel, Skei. Innkallinga vart utsendt pr. e-post til medlemmane.
Det var ingen merknader til innkallinga.

Godkjenning av saklista og dagsorden for møtet:

Saklista og dagsorden for møtet vart godkjend slik den låg føre i innkallinga av 20.09.2018,

Godkjenning av møteprotokollen frå forrige møte.

Møteboka frå møtet i Interimsstyret den 07.09.18 vart godkjend slik den låg føre.

Saker handsama i møtet:

Sak 24 / 2018 - Godkjenning av møteinnkallinga og saklista for Interimsstyret sitt møte den 24.09.2018
Sak 25 / 2018 - Godkjenning av møteboka frå møtet i Interimsstyret den 07.09.2018
Sak 26 / 2018 - Framlegg til vedtekter for ny revisjonseining
Sak 27 / 2018 - Tid og stad for neste møte i Interimsstyret

Merknader :

Møtet vart leia av **leiar i Interimsstyret, Per Atle Kjøllesdal**.
Forutan dei folkevalde medlemmane i Interimsstyret møtte revisjonsjefane Marianne Vara, Markvard Sunde og Terje Førde4. I tillegg møøte to tilsettrepresentantar, Asgeir Tveit, frå KRYSS Revisjon, Torlll Monsen, frå Kommunerevisjonen i Nordfjord. Tilsettrepresentant frå SF revisjon IKS, Cecilie Hermansen, hadde meldt forfall til møtet.
Møtet tok til kl. 13:00, og var slutt ca. kl. 16:00.

Underskrifter:

Skei, den 24.09.18/Florø 25.09.18

Per Atle Kjøllesdal
Leiar i Interimsstyret for samanslåing av revisjonseiningane i Sogn og Fjordane

Terje Førde
Møtesekretær

SAKER TIL HANDSAMING / AGENDA FOR MØTET 24. SEPTEMBER 2018 :

Sak 24/2018 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Tilråding til vedtak:

Møteinnkallinga og saklista vert godkjend slik den ligg føre.

Interimsstyret si handsaming :

Møteinnkallinga og saklista vert godkjend

Sak 25/2018 Godkjenning av møteboka frå møtet i Interimsstyret 7. sept. 2018

Tilråding til vedtak:

Møteboka frå møtet i Interimsstyret den 07.09.2018 vert godkjend.

Interimsstyret si handsaming :

Møteboka frå møtet i Interimsstyret den 07.09.2018 vert godkjend.

Sak 26 / 2018: Framlegg til vedtekter for ny revisjonseining

I forrige møte i Interimsstyret, den 07.09.18, sak 22/2018, gjekk Interimsstyret forholdsvis detaljert gjennom ordlyden i kvar paragraf i utkastet som låg føre frå KS-advokat Tone Molvær Berset. På bakgrunn i diskusjonane i Interimsstyret den 07.09.18, vart det laga til eit forholdsvis deltajaert referat frå møtet; ref. møteboka frå møtet 07.09.18. Innspela som kom fram i møtet den 07.09.18,samt møtereferatet er sendt advokat Tone Molvær Berset i KS Bedrift. Ho har kvalitetssikra den ordlyden som vart sendt i etterkant av møtet den 07.09.18, og sidan Berset ikkje kunne innarbeide justeringane somvart gjort i møtet, vart det frå Berset si side bede om at møtesekretæren tok på seg dette arbeidet. Det har såleis vore løpande dialog mellom møtesekretæren og adv. Berset fram til 20.09.18. Det er avklara med deptet at når deltakar trer inn eller ut av samarbeidet, så må vedtektene til justering ogny handsaming i samtlege deltakarar sine kommunestyre. Det er ikkje mogleg å delegere dette; korkje i dagens kommunelov eller den nye kommunelova >(slik også for IKS-loven). Departementet har vore heilt klare på dette, sidan det er ein forholdsvis omfattande inngripen i kommunen sitt eige ansvar for eigenkontroll. Lova seier «kommunestyret sjølv» på desse punkta, så det lar seg ikkje delegere; pga endringar i samansetning, eigarstruktur, ansvarsdelar, eigarandelar, honorarstorleikar, m.v., så det vil ikkje bli anledning til; ei heller i forskriftene som vil kome til høyring no i haust.

Samarbeidsavtalen er såleis justert for m.a. dette i den versjonen som no blir sendt ut. Det ligg til interimsstyret å ta stilling til heile dokumentet, og bestemme seg for korleis samarbeidsavtalen skal sjå ut. Advokaten meiner vi kan bruke *samarbeidsavtale* i staden for *vedtekter,* men her er loven vise-versa, så kva ein velger betyr ikkje noko, men ein må vere konsekvent i ordbruken her. Det er advokat Berset til anbefaling at ein ser spesielt dei punkta som er utgula, i versjonen frå 17.09.18 (som blei sendt leiaren i Interimsstyret pr. e-post

17.09.18, Vedlegg 1.) Interimsstyret må ta stilling til det ein ikkje gjorde vedtak om i forrige møte. Det er no gjennomarbeidd ein ny versjon, Versjon 20.09.2018, som har i seg ein del endringar og justeringar som er gjort fram til 20.09.18, i dialogmøte/tlf. mellom advokat Berset og møtesekretær. Det er utgula tekst på dette, slik som forrige versjon (17.09.18) og dei endringar som er gjort i siste dialog mellom møtesekretær og advokaten, er merka med blå bakgrunn av teksten. I saka vert desse to versjonane usende som prenta vedlegg, slik at ein i møtet kan samanlikne ordlyden i dei to dokumenta. Versjonen 20.09.18 er den som no er mest gjennomarbeidd, med avklaringane frå KMD (departementet).

Det har vore ein grei og god dialog mellom møtesekretær og advokat Berset heile vegen. Utfordringane er at ein er opptekne kvar på sin kant, med sine gjeremål, i tillegg til det arbeidetsom no er intensivt i forhold til å få gjennomarbeidd ei endeleg framlegg til vedtekter for det nye revisjonssamarbeidet.

Den 21.09.18 vil Fellesnemnda for Vestland Fylke ha teke avgjerd i val av revisjonsordning for det nye fylket frå 01.01.2010. Fylkestinget i Sogn og Fjordane har gjort vedtak om at dei blir med i ei ny revisjonseining frå 01.01.2019, dvs. ut året 2019, men det er Fellesnemnda som gjer vedtak kring val av revisjonsordning for det nye fylket frå 01.01.2020. Det vert vist til informasjonen som vart gjeve kring denne saka i møtet i Interimsstyret 0709.18 Avgjerd i den saka vil bli gjort av Fellesnemnda 21.09.2018. Ettersom Vestland Fylke vil vere eit forholdsvis stort oppdrag inn i ei ny revisjonseining, vil det ha stor betydning for eininga om dette oppdraget blir med i den nye eininga eller ikkje. Den 24.09.18 vil Interimsstyret vere oppdatert på det vedtak Fellesnemnda venteleg har gjort, slik eller slik, og ein håper derfor å kunne gjere seg ferdig med samarbeidsavtala innan kort tid. Om Interimsstyrethar behov for fleire møter i saka, er opp til Interimsstyret å ta stilling til.

Vedlegg: *E-post 17.09.18.18, med utkast til Samarbeidsavtale – versjon 17.09.18.*
Versjon 20.09.18, Selskap under stifting Samarbeidsavtale

Tilråding til vedtak:

(vert lagt fram utan tilråding til vedtak)

……..

Interimsstyret si handsaming i møte :

Arne Hovland og Marianne Vara var til stades som observatørar då Fellesnemnda for Vestland Fylke hadde møte i Bergen, fredag 21.09.18, der sak om val av revisjonsordning for det nye fylket var til handsaming. Det vart orientert om kva som gjekk føre seg der.

Fellesnemnda gjorde vedtak, 15 mot 9, om å konkurranseutsette alle revisjonstenestene for Vestland Fylke. Det vil såleis kome ei oppseiing av dagens ordning frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune før 31.12.2018 (12 månader oppseiingstid i forhold til SF revisjon IKS).

Deretter gjekk Interimsstyret gjennom det siste utkastet til vedtekter (dagsett 20.09.2018) som låg føre til møtet, frå advokat Berset i KS Bedrift/KS Advokatane og møtesekretæren. Interimsstyret gjekk gjennom paragraf for paragraf. Oppdatert versjon, dagsett 24.09.18, vart laga til i møtet, ut frå innspela og det Interimsstyret sine medlemmar var samde om.

Konkrete samrøystes vedtak som blei gjort i møtet:

1. ***Namnet på det nye revisjonssamarbeidet skal vere Vestland Interkommunale Revisjon (VIR). (Samrøystes)***
2. ***Forretningsadresse og hovudkontor skal vere i Førde. (Samrøystes)***
3. ***Innhaldet i § 5, om deltakarar, ansvarsdel og innskotsplikt, innhaldet i § 7, om representantskapet (eigarorgan), vekting av stemmer, m.v., samt innhaldet i § 14, om bruk av årsoverskot/dekning av årsunderskot, var Interimsstyret samde om å kome attende til i neste møte. Det gjeld også siste setning i § 18.***
   Dei tre revisjonssjefane får i oppgåve å kome med ei utgreing om desse forholda, med alternative framlegg til løysingar og ordlyd kring dette i vedtektene.
4. ***Interimsstyret var samde om at ein flyttar samanslåingstidspunktet slik at dette blir samanfallande med kommunesamanslåingane; dvs. pr. 01.01.2020. (Samrøystes)***
5. ***Interimsstyret var samrøystes samde om ordlyden i ny versjon av samarbeids-avtala, slik den vart gjennomgått og innarbeidd i møtet; - nemnd som «Versjon av 24.09.2018» (denne følgjer med møteboka frå møtet). Ny handsaming neste møte – ref. pkt. 3***
6. ***Interimsstyret var samde om at repr. frå SF revisjon IKS kontaktar sine eigar-kommunar og prøver å få til at også forvaltningsrevisjon skal inngå i deira deltaking i det nye revisjonssamarbeidet.***
7. ***Interimsstyret vedtok at kommunane Aurland og Lørdal skal kontaktast og inviterast inn i det nye interkommunale revisjonssamarbeidet.***

Sak 27 / 2018: Neste møte i Interimsstyret :

Det bør diskuterast dato, tid og stad for eit nytt møte i Interimsstyret.

Tilråding til vedtak:

Neste møte i Interimsstyret blir avvikla xx.yy.2018.
Møtet vert halde (stad/møtelokale), med møtestart kl. zz.00.

Interimsstyret si handsaming i møte :

Samrøystes vedtak:

Neste møte i Interimsstyret blir avvikla måndag 12. november 2018.
Møtet vert halde på Thon Hotel, Skei, med møtestart kl. 11:00.

Møtet slutt ca. kl. 16:00.

RETT UTSKRIFT:
Utvik/Florø den 25. september 2018
Per Atle Kjøllesdal,
Leiar i Interimsstyret.
(sign.)

Terje Førde
Møtesekretær

Kopi

Innkalling til møte
i
Interimsstyret for samanslåing av tre revisjonseiningar
Møte mandag 24. september 2018, Thon Hotel, Skei, kl. 13:00

Innkallinga sendt til: (*Medlemmane*)	**Per Atle Kjøllesdal (leiar), Trygve Jacobsen (nestleiar)** **Rune Myklebust, Ole Reinhardt Bugjerde,** **Arne Hovland, Ingvar Torsvik Myrvollen**
Revisjonssjefane:	**Marianne Vara, Markvard Sunde, Terje Førde**
Tilsettrepresentantar:	**Cecilie Hermansen, Torill Monsen, Asgeir Tveit**
	Cecilie Hermansen har meldt forfall til møtet.

MERK: Jorunn Ringstad (fast medlem frå KRYSS Revisjon) døde 12.09.18.

Sak 24 / 2018: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Sak 25 / 2018: Godkjenning av møteboka frå møtet i Interimsstyret 07.09.18

Sak 26 / 2018: Framlegg til vedtekter for ny revisjonseining

Sak 27 / 2018: Tid og stad for neste møte i Interimsstyret

Mogleg forfall til møtet må meldast til møtesekretæren snarast; mobil: 99 22 92 27, evt. e-post: terje.forde@kryssrevisjon.no

Sidan det er møtestart kl. 13:00, er det bestilt mat til møtestarten: **Servering av baguettar med assotert pålegg i møterommet, 2 stk. pr. person, kaffe, te, frukt, div.**

VEL MØTT !

Utvik/Florø 20. september 2018

Per Atle Kjøllesdal,
Leiar i Interimsstyret

Terje Førde
- Møtesekretær-